# Radøy kommune

Oddny Hellevik

| Dato | Sakshandsamar | Vår ref. | Dykkar ref. |
|---|---|---|---|
| 09.12.2014 | Bente Kopperdal Hervik | 14/2365 - 5 | |

## Kulturminnefondet 2014 - melding om vedtak

Formannskapet i Radøy - 079/2014:

**Det er gjort følgjande vedtak i saka:**

Solveig Sævdal får kr. 40 000 i tilskot til å setja i stand muren på løa på gnr. 40/1 Åsen på Øvre Tveiten. Det vert sett som vilkår for tilskotet at bruken av løa ikkje skal vera til skade for bygget. Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturminnefondet.

Oddny Hellevik får 5000 kroner i tilskot til arbeidet med nytt tak på løa på gnr 99/1.

**Vilkår for utbetaling**

Vilkåra for utbetaling er sett i statuttane for kulturminnefondet § 4:

> *"Utbetaling av tilskot skjer når restaureringa/istandsetjinga er ferdig i tråd med planane og avtalen mellom tilskotsmottakar og kommunen. For større arbeid kandelutbetaling gjerast etter eigen avtale.*
>
> *Når ein søkjar har fått tilsegn om tilskot må arbeidet utførast i innan to år, elles kan tilskotet falla bort. Når arbeidet er gjort skal tilskotsmottakar senda kommunen ein kortfatta rapport og godkjend rekneskap."*

Ta kontakt med Arild Sætre på Kulturverntenesta i Nordhordland (tlf. 950 48 705 / 55 25 18 06) for råd og rettleiing under restaureringa!

***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er tre veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Med helsing
Bente Kopperdal Hervik

rådgjevar kultur

Andre mottakarar:

Oddny Hellevik
Solveig Sævdal